



Kjell Ove Rognsøy
Selfallet 9
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/734 - 23/13864

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
20.02.2023

Ferdigattest tilbygg og garasje - gbnr 445/101 og 63 Manger nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 199/23
Tiltakshavar: Kjell Ove Rognsøy
Ansvarleg søkjar: Hammar-Kameratane As
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til einebustad og frittstående garasje på gbnr 445/101.

Tiltaka må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaka er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og rammeløyve for tilbygg datert 25.10.2016 og løyve til oppføring av garasje datert 19.08.2013.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.01.2023.

Skildring

Adresse:	Selfallet 9
Bygningstiltak:	Tilbygg einebustad
Bygningsnummer:	176119179 -1
Bruksareal:	126m ²
Avlaup:	Kommunalt avløpsanlegg
Vatn:	Offentleg vassverk

Bygningstiltak:	Garasjeuthus
Bygningsnummer:	300388037
Bruksareal:	50m ²

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/734

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hammar-Kameratane As
Kjell Ove Rognsøy

Hella 60
Selfallet 9

5936
5936

MANGER
MANGER